



Jakob Valle
Spjotøyvegen 347
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3814 - 17/11252

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
12.04.2017

Oversending av klage til uttale gbnr 83/1 Spjotøy

Kommunen har den 07.04.17 motteken klage på vedtak om dispensasjon frå LNF-føremålet og frå pbl § 1-8 for oppføring av naust, utfylling i sjø og etablering av båtopptrekk datert 28.03.17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f. Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til dykk som part i saka for uttale.

Frist for innsending av uttale til klagen er 03.05.17.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av plan- og miljøutvalet.

Handsaminga i utvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av plan- og miljøutvalet, vert klagen sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd. Sidan klagar i dette tilfeller er Fylkesmannen i Hordaland, vil klagen bli vidare sendt til settefylkesmann.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage frå Fylkesmannen - naust og kai - gbnr 83/1 Spjotøy



Mottakarar:

Jakob Valle

Spjotøyvegen 347 5955

LINDÅS